



Fylkesmannen i Aust-og Vest-Agder

TILSYNSRAPPORT

Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Jfr. opplæringslova

Bygland kommune – Bygland skole

Vår referanse: 2016 / 2934

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN:
Rådgjevar oppvekst Berit Haugetveit

FYLKESMANNEN SIN TILSYNSGRUPPE:
Seniorrådgjevar Elise Marie Kringen
Seniorrådgjevar Inger Marie Skar, tilsynsleiar



Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Bygland kommune – Bygland skole.....	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar.....	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
3. Skolens arbeid med opplæringa i fag.....	6
3.1 Rettslege krav	6
3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar	7
3.3 Fylkesmannens konklusjon.....	10
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	11
4.1 Rettslege krav	11
4.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar	12
4.3 Fylkesmannens konklusjon.....	14
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	14
5.1 Rettslege krav	14
5.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar	15
5.3 Fylkesmannens konklusjon.....	16
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring.....	16
6.1 Rettslege krav	16
6.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar	17
6.3 Fylkesmannens konklusjon.....	17
7. Frist for retting av brot på regelverk	18
8. Kommunen sin frist til å rette.....	19
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	20

Samandrag

Denne rapporten er ein endeleg rapport for tilsynet i Bygland kommune. Tilsynsrapporten gir ikkje ei heilskapleg vurdering av skoleeigar og skolen. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt og situasjonen på det tidspunktet tilsynet er gjennomført. Fylkesmannen har motteke skriftleg informasjon og gjennomført intervju på skolen.

Utdanningsdirektoratet har fastsett metode og innhald for tilsynet. Metodehandbok for alle tilsyn etter opplæringslova ligg på Utdanningsdirektoratet sin nettstad.

Tema og formål

Tema for tilsynet er Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Rettsleg grunnlag: Opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Formålet er å undersøke om skolen følgjer opplæringslova med forskrifter. Skoleeigar har det overordna ansvaret sjølv om mange plikter er retta mot skolen. Skoleeigar må ha eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslova og tilhøyrande forskrifter er oppfylte.

Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa er eit av tre tema i felles nasjonalt tilsyn (FNT) i perioden 2014-17.

Gjennomføring

Fylkesmannen har våren 2014 gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar for alle kommunar. Det ble her gitt informasjon om lovkrav og innhald i tilsynet.

Tilsyn med Bygland skole (Bygland oppvekstsenter) i Bygland kommune vart opna gjennom brev 20.01.2016.

Fylkesmannen gjennomførte intervju på skolen 10.03.2016.

Det er gjennomført eit formøte i kommunen 11.02.2016. I sluttmøte 31.03.2016 presenterte Fylkesmannen konklusjonane i førebels rapport. Kommunen fekk frist til 11.04.2016 til å kommentere på førebels rapport, jf forvaltningslova § 16. Fylkesmannen har ikkje motteke tilbakemelding innan denne fristen.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på intervju og skrifleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

Avdekte brot på regelverk

Bygland skole imøtekjem ikkje alle aktuelle krav i regelverket om skolens arbeid med elevene sitt utbytte av opplæringa. Det er såleis avdekt brot på regelverk.

Status på rapporten og vegen vidare

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er 01.11.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 20.01.2016 tilsyn med skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Bygland skole i Bygland kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (som denne rapporten handlar om), forvaltningskompetanse og skolebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmaterie¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er 01.11.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

2. Om tilsynet med Bygland kommune – Bygland skole

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som eigar av offentlege skoleigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverk, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skolen: skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skolens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skoleeigar syter for at elevane:

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmaterie-ll-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen gjennomførte våren 2014 ei dagsamling om det felles nasjonale tilsynet 2014-2017. Kommunen var representert ved skolefagleg ansvarleg og rektorane. Informasjon om Utdanningsdirektoratet sitt rettleiingsmaterieill, lovkrava og metoden for tilsynet var tema på samlinga. Det vart òg lagt vekt på at kommunane og skolane, uavhengig av om dei får tilsyn, kan nytte rettleiingsmateriellet til å vurdere eigne system og eigen praksis opp mot tilsynstemaet.

Tilsyn med Bygland kommune vart opna gjennom brev 20.01.2016. Fylkesmannen har bede om at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Krav om dokumentasjon:

- eigenvurderingsskjema frå leiinga ved skolen
- eigenvurderingsskjema frå lærarane på 9. trinn
- skoleinterne dokument som støtter opp under konklusjonane i eigenvurderingsskjemaene

Det er gjennomført eit formøte i kommunen 11.02.2016. Her deltok dei involverte i tilsynet. I møtet informerte Fylkesmannen også om lovkrav og innhald i tilsynet.

Fylkesmannen gjennomførte intervju på skolen 10.03.2016.

I sluttmøte 31.03.2016 presenterte Fylkesmannen konklusjonane i førebels rapport. Kommunen fekk frist til 11.04.2016 til å kommentere på førebels rapport, jf forvaltningsloven § 16. Fylkesmannen har ikkje motteke tilbakemelding innan denne fristen.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på intervju og skriftleg dokumentasjon, sjå vedlegg. Det er òg gjennomført ei spørreundersøking for elevane på 9. trinn.

Undersøkingane til Fylkesmannen ved Bygland skole er gjort i faga norsk, matematikk og mat og helse på 9. trinn. Skoleleiinga (rektor/tenesteleiar og ass. tenesteleiar), faglærarar, spesiallærar, spesialpedagogisk koordinator og lærar i særskild språkopplæring har fylt ut eigenvurderingsskjema og vorte intervjuet. Fylkesmannen har òg intervjuet elevane på 9. trinn.

Bygland skole er ein 1 - 10 skole. Skolen har 120 elevar og 21 tilsette. Det er 50 elevar i ungdomssteget.

3. Skolens arbeid med opplæringa i fag

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4] og forskrift til opplæringslova [§ 1-1 eller § 1-3]. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skolen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4].

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skolen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4] og forskrift til opplæringslova [§ 1-1 eller § 1-3]. For dei fleste fag i grunnskolen og for nokre fag i vidaregåande skole er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skolen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skolen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skolen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngjevast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skolen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetalet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skolen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

3.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar

Fylkesmannen har fått inn skriftleg dokumentasjon og gjennomført intervju med rektor, assisterande tenesteleiar, spes.ped.koordinator,spesiallærer, tre faglærarar, lærar særskild språkopplæring og 3 elevar.

Vi har sett spesielt på det lokale arbeidet med læreplanane og dei individuelle opplæringsplanane (IOP) for faga norsk, matematikk og mat og helse på 9.trinn for skoleåret 2015-16. For elevar med spesialundervisning, som skal ha avvik frå LK06, har vi sett på om skolen har utarbeidd eigne mål for spesialundervisning i eleven sin IOP.

Fylkesmannen har sett på om rektor har system og tiltak som sikrar at:

- kompetansemål på hovudtrinna er delt på årstrinna og at dei tilsette ved skolen har felles kunnskap om LK06
- innhaldet i opplæringa på kvart trinn fører til at elevane kan nå kompetansemåla for hovedtrinna
- når skolen vel læreplanverk i faga må ein sikre at innhaldet i lærebøkene er i tråd med LK06 og lokale læreplanar
- skolen utarbeider planar for arbeidet som t.d. årsplanar, halvårsplanar, periodeplanar, vekeplanar og planar for den einskilde timen
- skolen justerer lokale planar i tråd med endring av sentrale læreplaner i LK06
- det er satt av felles tid til dette arbeidet: på skolen, på trinna og på hovedtrinna

- skolen utarbeider IOP for alle elever som har vedtak om spesialundervisning, at IOP inneheld mål for opplæringa når eleven skal ha avvik fra LK06 og at innhaldet samsvarer med vedtaket
- skolen gjennomfører vurderingar, kontrollar og justeringar
- planane er utforma og blir formidla slik at elevane kjenner kva som er mål for opplæringa og kva ein legg til grunn for vurdering av eleven sin kompetanse

Bygland skole har på ungdomssteget ein klasse på kvart trinn. I tillegg til rektor har skolen assisterande tenesteleiar. Det er rektor som har det endelege ansvaret for drifta ved skolen. Første del av rapporten har særleg fokus på rektor sitt kontrollsystem.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Fylkesmannen undersøker i dette tilsynet faga matematikk, norsk og mat og helse. I dokumentasjonen Fylkesmannen har fått og av intervju, går det fram at i skolen har lokale læreplanar i desse faga og at heile skolen har lokale læreplanar i alle fag.

I tillegg til lokale læreplaner utarbeider lærarane årsplaner for fag og vekeplanar for trinna. Skolen legg årsplanane ut på heimesida og lagrar dei i intern mappe på skolen. Dei lokale læreplanane er utforma i eigen felles mal. Rektor følger opp arbeidet med årsplanarbeidet og ser til at dei er i tråd med LK06. Skolen har òg fokus på at det skal vere samanheng i innhald ved overgang mellom trinna. Fylkesmannen ser av dei dokumenta vi har fått tilgang til at det er samanheng mellom lokale læreplanar, årsplanar og vekeplanar at det er samanheng mellom mål og innhald.

Det kjem fram ved intervju at rektor legg til rette for arbeid med lokale læreplanar. Faglærar har ansvar for årsplan i sitt fag. Skolen gjennomgår årsplanane i egne fagteam, i felles drøftingar på skolen og i team på trinna. Det er særleg fokus på gjennomgang av årsplanar for nyttilsette lærarar og for «nye» lærarar på trinnet. Skolen nyttar lærebøker kombinert med andre aktuelle læremidler, nettressursar og anna tilgjengelig stoff. Årsplanane er klare rett etter skolestart 1.september.

Skolen har utarbeidd stillingsomtale for dei ulike funksjonane som tydeleggjer ansvar til den einskilde. Rektor gjennomfører medarbeidarsamtale kvar vår og gjennomgår mellom anna innhald i stillingsomtalen.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek var på den retten eleven har til å kjenne til mål for opplæringa, kva som blir lagt vekt på i vurdering av eleven sin kompetanse.

Skolen er med i «Vurdering for læring» og avsluttar sin pulje våren 2016. I samband med dette har skolen utarbeidd felles mal for vurderingane og lærarane har fokus på deling av kompetanse og ulike strategiar på team og i felles drøftingar i personalgruppa. Lærarane har tilgang på faglitteratur og har fått særskilte oppgåver om å sette seg inn i spesifikke tema som de har ansvar for å formidle og dele i team eller i felles møte. Skolen utarbeider tydelege mål i planar som syner til kompetansemål, har egne målark og vurderingsskjema som syner kva eleven skal kunne. Systemet er tillitsbasert og vert bekrefta i intervju.

Lærplanar og årsplanar som Fylkesmannen har fått tilsendt inneheld kompetansemål og vurderingskriterier. Rektor kvalitetssikrar desse planane og følger opp gjennom medarbeidarsamtalen.

Det kjem fram i intervju at lærarane har fridom i korleis dei formidlar mål for opplæringa, kva dei legg vekt på i vurdering av eleven sin kompetanse og kva som er grunnlaget for vurderinga. Gjennom intervju med både lærarar og elever og i tilsendte dokument er det tydelig at eleven er kjent med mål, kva dei skal legge vekt på i vurderinga av kompetanse og kva som er grunnlag for vurderinga.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Fylkesmannen har fått tilsendt lokale læreplanar for dei faga som inngår i tilsynet. Vi ser at kompetansemåla for hovudtrinnet er fordelt på dei tre årstrinna og at kompetansemåla i dei lokale læreplanane forplantar seg vidare i årsplanar og vekeplaner. Rektor har innsyn i alle planane då dei er lagra digitalt i eigne mapper som er oppretta for kvart trinn.

Rektor kontrollerer dei individuelle opplæringsmåla i IOP i samband med signering av IOP. Spesialpedagogisk koordinator har delegert ansvar for å følgje opp og rettleie lærarane i å utarbeide IOP og legge til rette for opplæringa og at IOP har samanheng med tema frå LK06 og klassen sin plan. Denne rutinen bekrefter alle gjennom intervju.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skolen utarbeider IOP kvart år for elevar som har fått spesialundervisning. Kontaktlærer har ansvar for at eleven får IOP. Stillingsomtalen til kontaktlærer, spesiallærer og spesialpedagogisk koordinator syner kva for ansvar den einskilde har. I samband med rapporten på våren utarbeider skolen ein mellombels IOP som er klar ved skolestart om hausten. Endeleg IOP er klar medio september. Skolen har eigen plan for framdrift med rutiner som sikrar arbeidet (vedlegg 68).

Fylkesmannen har motteke tre individuelle opplæringsplanar. Alle planane er underskrive og datera medio september. Fylkesmannen har merknad på at dei individuelle opplæringsplanane bør vere klare ved skolestart.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

I dei tre sakene vi har fått seier ikkje alltid vedtaket noko om innhaldet i opplæringa utover timetal eleven skal få spesialundervisning og om korleis undervisninga skal organiserast. Det går heller ikkje klart fram av vedtaket om eleven skal følgje kompetansemåla i faget eller om det skal vere avvik frå desse. I ei sak er det ikkje samsvar mellom vedtak og IOP med omsyn til fag.

Lærarane og spesialpedagogisk koordinator opplyser i intervju at dei som skriv IOP tek utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga frå PPT framfor vedtaket. Fylkesmannen vil streke under at sakkunnig vurdering ikkje er eit dokument eleven kan klage på. Det er

naudsynt at vedtaket synleggjer tilbodet eleven får, slik at retten til å klage vert teken omsyn til. IOP må vere i samvar med vedtaket.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når han avvik frå ordinære læreplanar, og skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at tilbodet om spesialundervisning blir sett i samanheng med den ordinære opplæringa (klassen).

Dokumentasjonen syner at IOP har konkrete og evalurbare mål. Det kjem ikkje alltid tydeleg fram i IOP kva for kompetansemål og hovudtema frå klassens årsplan og IOP som er felles. Fylkesmannen ser ikkje at måla er fordelt på hovudtema slik det er tilrådd frå PPT. Det kjem ikkje tydeleg fram i IOP om måla er henta frå eit lågare trinn. Fylkesmannen vurderer at det ville være høveleg å sjå til at mal for IOP er i samsvar med årsplan for klassen når det gjeld hovudtema.

Fylkesmannen får informasjon gjennom dokument og intervju, om at elevar med IOP som har eigne mål for opplæringa, følgjer same tema som klassen har. Vekeplanane synleggjer dette. Spesialpedagogisk koordinator gjennomgår saman med faglærer, kontaktlærer og spesiallærer klassens plan og elevens IOP for å sikre at det er samsvar. I ein IOP er det tilrådd avvik frå LK06. Dette kjem ikkje fram i vedtaket.

Skolen har innarbeidd framgangsmåte som sikrar at IOP blir sett i samanheng med klassen sin årsplan. Dei tilsette har rutine for samarbeidsmøte, det er utarbeidd retningsliner for dette arbeidet (vedlegg 68) og interne arbeidsmøter med involverte lærarar der dei drøfter samordning med klassen sin plan. Ansvar er lagt inn i den einskilde sin stillingsomtale.

3.3 Fylkesmannens konklusjon

Det lokale arbeidet med læreplanane ved Bygland skole oppfyller i stor grad krava til opplæringslova § 2-3 jf. Forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2. Rektor sikrar at undervisningspersonalet knytter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i faget. Undervisningspersonalet tek i vare elevane sin rett til å kjenne til mål for opplæringa, kva som vert lagt vekt på i vurderinga av kompetanse og kva som er grunnlaget for vurderinga. Rektor sikrar vidare at opplæringa dekker alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og individuelle opplæringsmål i IOP.

Dei individuelle opplæringsplaner ved Bygland skole er ikkje alltid i samsvar med vedtaket og krav i opplæringslova §§ 5-1 og 5-5. Skolen utarbeider IOP kvert år for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, men innhaldet i de individuelle opplæringsplanane samsvarer ikkje med enkeltvedtaka når det gjeld innhaldet i opplæringa (eventuelle avvik fra LK06).

4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngjeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skolen må gjennomføre halvårsvurderinga utan karakter på riktige tidspunkt og ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at vurderinga til lærarane har eit innhald i samsvar med forskrifta.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skolen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at årsrapportar har eit innhald i samsvar med forskrifta.

4.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål fra LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytta til og rettleiing i kva ein skal leggje vekt på i vurderinga i faget.

Bygland kommune er med i satsinga Vurdering for læring. Dei deltek i pulje 5 som starta opp hausten 2014. Dei tilsette ved skolen har hatt fokus på å vidareutvikle vurderingspraksisen sin i samband med denne satsinga. Dei lokale læreplanene inneheld mål og vurderingskriterier.

Fylkesmannen ser at dei tilsette kjenner elevane sin rett til å få rettleiing. I intervju kjem det fram at lærarane aktivt forklarar elevane kva som skal til for å nå måla. Dei gjennomgår gjerne munnleg mål og vurderingskriterier i starten på timen. Lærarane nyttar målark, elevsamtaler, kriterieark og vekeplanar. Dei legg vekt på å rettleie elevane om mål og kva dei legg vekt på i vurderinga i faget. Denne praksisen blir bekrefta i intervju med elevane og gjennom spørjeundersøkinga.

Elevar med IOP får den samme oppfølginga som dei andre elevane. Elevane får informasjon om kva som er mål for opplæringa og får rettleiing om kva som vert lagt vekt på i vurderinga. Dette vert tilpassa nivået til elevane og eleven sine individuelle behov.

Elevane skal få tilbakemelding på kva de meistrar i faget, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i det enkelte faget.

Fylkesmannen har fått skriftleg og munnleg dokumentasjon på at elevane får rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin. Mellom anna får elevane skriftleg framovermelding i samband med innleveringsoppgåver og dei får melding om kva dei må jobbe meir med gjennom målark.

I tillegg får elevane mykje munnleg rettleiing i timen. Elevene stadfester at dei får tilbakemeldingar på hva de meistrar og rettleiing i kva de må gjere for å auke kompetansen sin. Både lærarar og elevar dokumenterer dette gjennom intervju og i spørjeundersøkinga (vedlegg 99).

Skolen gjennomfører utviklingssamtaler i oktober og mars. Utviklingssamtalen er lagt opp etter ein mal der eit av punkta er knytt til kva eleven må gjere for å auke kompetansen sin (Vedlegg 86). Dette har vi òg fått stadfesta gjennom intervju. Førsette deltek saman med eleven i utviklingssamtalen. Kontaktlærar samarbeider med faglærar om innhaldet i utviklingssamtalen. Kontaktlærar har ansvar for å gjennomføre utviklingssamtalen.

Lærarane skal syte for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Lærarane har starta med å nytte læringspartnar og kamaratvurdering i klassen. Dei uttrykkjer at dei kan bli betre på dette området og dei ser eit stort utviklingspotensiale her. Dette stadfestar også elevane. Ved gjennomgang av elevundersøkinga ser ein at dette er ei område dei må arbeide meir med. Skolen legg opp til å lage ein plan for vidareføring av Vurderling for læring og då skal dette område få prioritet.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Rektor gjennomgår vurderingsforskipten kvar haust. Skolen har eigen mal for halvårsvurdering. Det er fastsett tid for halvårsvurdering, som skolen gjennomfører i desember og før skoleslutt på sommaren. Ansvar for halvårsvurderinga ligg hjå faglærarane som samarbeider med kontaktlærar om innhaldet i vurderinga knytt til dei einskilde faga. Ansvaret for å gjennomføre halvårsvurderinga er omtala i stillingsomtalen for lærarane. Skoleleiinga krev nå ikkje skriftleg dokumentasjon på at halvårsvurderinga er gjennomført. Dette er ein tillitsbasert ordning. Fylkesmannen får dette dokumentert gjennom intervju.

Det kjem fram i intervju både med elevane og lærarane at elevane får melding om kva dei meistrar og korleis dei kan auke kompetansen sin.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

Rektor opplyser at det er kontaktlærar som har hovudansvar for å samordne fagleg innhald, praktisk organisering, vekeplan og samordne med andre lærarar, men at arbeidet kan delegerast til spesialundervisningslærer og faglærar. I intervju blir det bekrefta at lærarane samarbeider om dette. Det kjem òg fram gjennom IOP-ane Fylkesmannen har fått tilsendt.

Skolen gjennomfører same rutine for utviklingssamtale og halvårsvurdering for elevar med IOP. Dette er omtala i vedlegg 68. I tillegg har dei involverte lærarane eit eige ressursmøte for å sikre vurderinga og årsrapporten. Skolen nyttar ein eigen mal for årsrapport. Dei tilsendte årsrapportane syner at eleven sin utvikling vert vurdert ut frå måla i IOP.

4.3 Fylkesmannens konklusjon

Den individuelle undervegsvurderinga ved Bygland skole medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11 og 3-13.

Lærarane rettleier elevane om kva for kompetansemål frå LK06 / mål i IOP som opplæringa er knytt til og kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget. Lærarane gjev elevane tilbakemeldingar på kva dei meistrar i faga, dei rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke kompetanse sin i faget. Skolen har ein innarbeidd framgangsmåte for halvårsvurdering og årsrapportering ved spesialundervisning. Rutinen sikrar at det blir gjeve informasjon om eleven sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin.

Fylkesmannen manglar naudsynt dokumentasjon på at lærarane involverer elevane i eige læringsarbeid i tilstrekkeleg grad, jf. Forskrift til opplæringslova § 3-12.

5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skolen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpande vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skolen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skolen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for

dette må vere kjent og innarbeidd. Dette skal skolen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

I nokre tilfelle vil skolens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.

Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeidd blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

5.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar

Fylkesmannen har undersøkt om skolen har skriftleg og innarbeidd framgangsmåte og arbeidsmåtar som sikrar at undervisningspersonalet jamnleg og systematisk vurderar om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, gjennom m.a.:

- kartleggingar og observasjonar av kompetansen til elevane
- kartleggingar av skolen sin praksis - det pedagogiske arbeidet og læringsmiljø
- vurderingar av desse kartleggingane
- utprøving av ulike tiltak – med vurderingar
- om elevar vil ha behov for spesialundervisning og om dette vert meldt til rektor

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skolen har ein egen plan for årleg testing og rutiner for kva som skal testast. Lærarane nyttar mellom anna drøfting i team og individuelle kontinuerlege vurderingar om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Ved overgang mellom trinna gjennomfører skolen eigne informasjonsmøte mellom aktuelle lærarar. Lærarane har eigne møter om elevar ved behov. Utviklingssamtalen og individuelle elevsamtalar vert nytta til vurdering av om eleven får tilfredsstillande utbytte. Fylkesmannen har fått dokumentasjon på dette gjennom intervju og innsende dokument.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skolen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

Gjennom intervju med lærarane ser vi at dei har fokus på variasjon i bruk av læremidlar. Lærarane informerer om at dei har fokus på einskildelevar og legg til rette for elevar som treng tilpassing av lærestoff med ulik vanskegrad. Denne tilrettelegginga omfatter elevar som treng lærestoff frå lågare trinn og elevar som meistrar lærestoff med høgare vanskegrad enn forventa på trinnet. Vi har fått dokumentert at elevar som har spesialundervisning kan deltake i klassen om dei følgjer ulike planar. Elevundersøkinga syner at elevane trivast på skolen.

Fylkesmannen har likevel ikkje fått dokumentasjon på at skolen har ein innarbeidd framgangsmåte som kan sikre at lærarane vurderer tiltak knytt til å vurdere eigne arbeidsmåtar og organisatoriske tiltak og endring av praksis i klassen.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

Skolen syner til innarbeidde rutinar for utprøving av tiltak som lesekurs, lydbok, deltaking i mindre gruppe med tettare oppfølging og retta mot fagvanske hjå eleven, tilrettelegge for å nytte lettleste lærebøker i faget (Rutinehandbok, vedlegg 68).

Spesialpedagogisk koordinator og PP-tenesta samarbeider med kontaktlærer, faglærer og spesiallærer i samband med vurdering av om ein elev treng spsialundervisning. Fylkesmannen vurderer at skolen har innarbeidd framgangsmåte for å sikre at lærar melder til rektor om elevar har behov for spesialundervisning.

5.3 Fylkesmannens konklusjon

Lærarane ved Bygland skole har fleire gode tiltak for å vurdere om den enkelte eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11.

Skolen har system for å sikre at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skolen gjennomfører tiltak der læraren ser at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa og rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og for at læraren melder behov for spesialundervisning til rektor.

Fylkesmannen manglar tilstrekkeleg dokumentasjon på at skolen har innarbeidd framgangsmåte for å gjennomføre vurdering av eigne arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet jfr. opplæringslova § 5-4.

6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skolen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigheitene til eleven blir gjort før vedtaket om særskild

språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skolen som gjennomfører kartlegginga. Skolen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skolen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Skolen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skolen. Skolen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

6.2 Fylkesmannens undersøkingar og vurderingar

Skolen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk.

For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Bygland skole har hatt få elevar med behov for særskild norskopplæring.

Skolen nyttar kartleggingsverktøy frå Utdanningsdirektoratet for å kartlegge dugleik i norsk.

Lærar i særskild språkopplæring skal gjennomføre ei vurdering av om eleven treng særskild språkopplæring og om elevar som har behov for særskilt norskopplæring òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Skolen har ikkje hatt elevar med slike behov.

Skolen nyttar rutinene som er omtala i Udir sitt kartleggingsverktøy. Vurderinga går føre seg i tett dialog med aktuelle lærarar som har undervisning på trinnet eleven går.

Rektor fattar vedtak. Assisterande tenesteleiar på skolen har ansvar for tilrettelegging.

Skolen fattar vedtak etter oppl. § 2-8 etter kartlegging. Fylkesmannen har fått innsendt dokumentasjon på vedtak.

Fylkesmannen tilrår at skolen utarbeider eigne retningslinjer for tiltak og ansvarsdeling med tanke på at det kan kome fleire elevar ved skolen som har behov for særskild språkopplæring.

6.3 Fylkesmannens konklusjon

Bygland skole sikrar at elevar som ikkje har norsk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring blir kartlagde undervegs i opplæringa.

7. Frist for retting av brot på regelverk

Fylkesmannen har i kapitla 3 til og med 6 konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Bygland kommune frist til å rette brot på regelverk, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 01.11.2016. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at det ulovlege forholdet er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrottet er retta.

Dersom lovbrott ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

Skolens arbeid med opplæring i fag

1. Bygland kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Bygland skole er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Bygland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.

Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

2. Bygland kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Bygland skole medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12.

Bygland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

3. Bygland kommune må syte for at Bygland skole sikrar at utbyttet av opplæringa for den enkelte eleven blir systematisk vurdert og følgt opp, jf. opplæringslova § 5-4.

Bygland kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, blir gjennomført vurdering av
 - arbeidsmåtar
 - vurderingspraksis
 - læringsmiljøet

8. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel 7 ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er **01.11.2016**.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumentata, jf. forvaltningslova § 18.

15.04.2016

Elise Marie Kringen

Inger Marie Skar, tilsynsleiar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

Vedlegg Bygland skole:

1. Lokal læreplan i matematikk
2. Halvårsplan i matematikk våren 2016
3. Halvårsplan i matematikk høsten 2015
4. Årsplan i norsk 9. kl. 15-16
5. Lokal LP i norsk 9. kl. tilsyn
6. Lokal læreplan Mat og helse 9
7. Årsplan Mat og helse 9 2015-2016
8. Lekseplan uke 4
9. Ukeplan gruppe uke 4
10. Teoriprøve 2015
11. Målark til praktisk prøve vår 2016
12. Målark kapittel 5
13. Vurderingsskjema til kapittelprøve
14. VFL skrive ei novelle målark
15. VFL skrive ei novelle sjekkliste
16. Lokal læreplan 10. kl
17. Lokal læreplan 8. kl. endelig versjon
18. Lokal læreplan mal
19. Læreplan 6. klasse
20. Læreplan matematikk 7.klasse
21. Matematikk 4.klasse
22. Læreplan 5. klasse
23. Læreplan 1. klasse
24. Matematikk 3. klasse
25. Elev 1 IOP
26. Elev 2 IOP
27. Elev 3 IOP
28. Elev 3 melding om tildeling av ressurs 20
29. Elev 3 melding om endring av matematikkop
30. Elev 3 Sakkyndig vurdering
31. Elev 3 årsrapport 2014
32. Elev 2 melding om tildeling av ressurs 20
33. Elev 2 Sakkyndig vurdering
34. Elev 2 Årsrapport
35. Elev 1 melding om tildeling av ressurs 20
36. Elev 1 sakkyndig vurdering
37. Elev 1 årsrapport
38. Møter elev 1
39. Møter elev 2
40. Møter elev 3
41. Arbeidsmøte
42. Målark kapittel 5
43. Målark til praktisk prøve høsten 2015
44. Teoriprøve 2015
45. Målark til teoriprøve høst 2015

46. Vurderingsskjema til kappittelprøver
47. VFL skrive ei novelle målark
48. Vurderingsark til teoriprøve høst 2015
49. Retteskjema dramaprøve
50. Målark drama
51. Gamlem_08.feb u.skular
52. Egenvurderingsark
53. Underveisvurdering 1
54. Underveisvurdering 2
55. Vurderingssamtaler
56. Stillingsomtale kontaktlærer
57. Plan for samråing høst 2015
58. Lekseplan uke 4
59. Egevurderingsark
60. Underveisvurdering 9. kl.
61. Underveisvurdering 9. kl.
62. Testplan
63. Elev 1 årsrapport
64. Testplan (jfr vedlegg 62)
65. Kartleggeren
66. Stillingsomtale spesiallærer Byo
67. TPO. Dokumentasjon
68. Sprs.ped rutiner Bygland oppvekstsenter
69. Tilvisning til PPT
70. Kartlegging norsk
71. Kartlegging norsk (jfr vedlegg 70)
72. Vedtak tilrettelagt norsk
73. Evaluering av elev
74. Vurderingskriteriar for munnleg framføring (Kan ikke åpne filen. Se vedlegg 90)
75. VFL Skrive ei novelle målark 9.trinn
76. Ukeplan gruppe 4
77. Samordningsmøte
78. Plan for samråing høst 2015
79. Samordningsmøte (jfr vedlegg 77)
80. Årshjul vurdering
81. Vurderingssamtaler
82. Vekeplan veke 7
83. Repetisjon kategori 1 matte
84. Repetisjon kategori 2 og 3 matte
85. Vurderingsskjema til tentamen
86. Utviklingssamtalen hausten 2015
87. Vurderingsark til praktisk prøve haust 2015
88. Målark til praktisk prøve vår 2016
89. Arbeidsfordeling nr 1-4
90. Vurderingskriteriar for munnleg framføring
91. Veke 5 norsk
92. Prøve drama + Ibsen & Holberg 2016
93. Et dukkehjem skildring – omgrep underveg
94. Retteskjema dramaprøve
95. Målark lyrikk

96. Retteskjema kåseri
97. Vurderingssamt 9.kl Mal
98. Klasseresultat kartleggeren
99. Svar på spørjeskjema til elevane
100. Eigenvurderingsskjema frå skuleleiinga og lærarar
101. Stillingsomtale (3)

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn på staden 10.03.2016.

Det var intervju med:

- Skuleleiinga
- Seks lærarar
- Tre elevar